

ABO Plan & Arkitektur  
Postboks 291  
5203 OSDato: 25.08.2016  
Vår ref.: 2016/5778-6  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

## **Detaljreguleringsplan - Åsane - Eidsvåg skole - gnr 216 bnr 119 m.fl. - Reguleringsplan - Bergen kommune - kulturminnefagleg innspel**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Eidsvåg skuleanlegg, teikna av Torgeir Alvsaker og Einar Vaardal-Lunde (1952-1970) har regional kulturminneinteresse og er vurdert å ha svært høg verneverdi. I «Kommunale skoler i Bergen - kulturhistorisk rapport om skolebygg fra 1724-1979» er skuleanlegget sin verneverdi og sårbarheit omtalt:

«Anlegget er helhetlig med gode arkitektoniske kvaliteter og tidstypiske trekk, samtidig som de nyere bygningene tilpasses det opprinnelige. Alle deler er tegnet av samme arkitektkontor. 1952-delen har svært høy arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi som et godt eksempel på skolebygg fra 1930-årene, en tid med lav byggeaktivitet. Denne delen har gode materialkvaliteter i eksteriør og interiør (spesielt trapperom), spennende bruk av tegl og glassbyggestein i fasaden. 1970-delen har svært høy arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi som et rendyrket og godt eksempel på 1960-årenes modernisme. Eidsvåg skole har svært høy verneverdi. Hovedform, fasader og trapperom stor sårbarhet for endringer. Dette gjelder også autentiske dører og vindusfelt i inngangsparti samt glassbyggesteinvindu i 1952-delen».

Hordaland fylkeskommune støttar vurderingane som er gjort i den kulturhistoriske rapporten om skulebygg i Bergen kommune og ber om at dei regionale kulturminneinteressene vert teken omsyn til og sikra i det vidare planarbeidet. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Byantikvaren i Bergen kommune  
Fylkesmannen i Hordaland